



Ot.prp. nr. 99

(2002–2003)

Om lov om endringar i lov 13. august 1915 nr. 6 om rettergangsmåten for tvistemål (ankesum)

*Tilråding frå Justis- og politidepartementet av 13. juni 2003,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

1 Innhold

Justisdepartementet gjer i denne proposisjonen framlegg om å heve kravet til ankesum for ankar til lagmannsretten i lov 13. august 1915 nr. 6 om rettergangsmåten for tvistemål (tvistemålslova) § 356 frå kr. 20 000 til kr. 50 000.

ke når det er klart at han ikkje vil føre fram (siling). Høringa viste at eit fleirtal av instansane synest ein lyt vente med reglar om siling, og i staden vurdere slike reglar i samanheng med dei andre framlegga i utgreiinga om ny twistelov. Spørsmålet om siling blir derfor ikkje omtalte vidare i denne proposisjonen.

Høringsbrevet vart sendt til følgjande adressatar:

Høgsterett
Lagmannsrettane
Tingrettane
Den Norske Dommerforening
Det juridiske fakultet, Universitetet i Bergen
Det juridiske fakultet, Universitetet i Oslo
Det juridiske fakultet, Universitetet i Tromsø
Norges Juristforbund
Den Norske Advokatforening
Regjeringsadvokaten
Rettvesenets IT- og fagtjeneste
Forbrukarombodet
Forbrukarrådet
Barne- og familiedepartementet
Creditreform Norge AS
Norges Kreditorforbund
Kreditorforeningen i Oslo
Norske Inkassobyråers Forening
Finansieringsselskapenes Forening

2 Bakgrunn

Tvistemålsutvalet gjer i si utgreiing NOU 2001: 32 *Rett på sak, Lov om twisteløsing (twisteloven)* framlegg om å heve ankesummen for anke til lagmannsretten til to gonger grunnbeløpet i folketrygda. Departementet tek i utgangspunktet sikte på ei samla oppfølging av utgreiinga om ny twistelov. Den 16. mai 2002 sende departementet likevel til høring eit høringsbrev med framlegg om enkelte endringar i tvistemålslova (heving av ankesummane og siling av ankar). Departementet meinte det var formålstalenleg å følgje opp framlegget om ankesum gjennom endringar i tvistemålslova frå 1915, før resten av framlegget til ny twistelov blir følgt opp.

I høringsbrevet bad departementet dessutan om synspunkt frå høringsinstansane på om lagmannsrettane bør få høve til å nekte å fremje ein an-

Om lov om endringar i lov 13. august 1915 nr. 6 om rettergangsmåten for tvistemål (ankesum)

Finansnæringens Hovedorganisasjon
 Handels- og Servicenæringens Hovedorganisasjon
 InkassoPartner AS
 Assuranseforeningen Gard Oslo
 Næringslivets Hovedorganisasjon
 Skuld Assuranseforening
 Sparebankforeningen i Norge

Høringsfristen var 1. september 2002. Følgjande instansar har komme med realitetsmerknader til høringsbrevet:

Högsterett
 Agder lagmannsrett
 Borgarting lagmannsrett
 Frostating lagmannsrett
 Hålogaland lagmannsrett
 Gulatings lagmannsrett
 Drammen tingrett
 Solør tingrett
 Tønsberg tingrett
 Romsdal tingrett
 Oslo tingrett
 Den Norske Advokatforening
 Den Norske Dommerforening
 Finansnæringens Hovedorganisasjon
 Næringslivets Hovedorganisasjon
 Handels- og Servicenæringens Hovedorganisasjon
 Forbrukarrådet
 Forbrukarombodet
 Departementet har i tillegg fått høringsfråsegn frå Landsorganisasjonen i Norge (LO).

Følgjande instansar har uttalt at dei ikkje har merknader til framlegga i høringsbrevet:

Barne- og familieliedepartementet
 Regjeringsadvokaten

3 Gjeldande rett

Etter tvistemålslova § 356 kan ein ikkje fremje anke til lagmannsretten utan samtykke frå retten når anken gjeld ein formuesverdi under kr. 20 000. For Högsterett er det etter tvistemålslova § 357 eit tilsvارande krav om ankesum på minimum kr. 100 000. Reglane om ankesum gjeld ikkje når tvisten handlar om såkalla ikkje-økonomiske eller ideelle interesser.

Retten skal som regel berre samtykke i at ankar under beløpsgrensa blir fremja når avgjerda har betydning utanfor den konkrete saka, eller når saka etter den ankande parten sine kår eller av andre grunnar har stor betydning for han, jf. tvistemålslova § 359 første ledd. Føresegna gjeld både for anke

til lagmannsretten og til Högsterett. Om retten skal samtykke, avheng av ei konkret totalvurdering. Vilkåra er strenge, og i praksis er det ikkje lett å få samtykke.

4 Framlegga i høringsbrevet

I høringsbrevet frå 16. mai 2002 bad departementet om synspunkt frå høringsinstansane på om ein bør heve ankesummen til kr. 100 000 for ankar til lagmannsretten og kr. 250 000 for ankar til Högsterett.

I høringsbrevet skreiv departementet følgjande om Tvistemålsutvalet sitt syn på reglane om ankesum:

«Tvistemålsutvalget foreslår at anke ikke skal kunne fremmes uten lagmannsrettens samtykke hvis ankegjenstandens verdi er mindre enn to ganger folketrygdens grunnbeløp (2 G), se utkastet til ny tvistelov § 11–13 i NOU 2001:32 side 775. 2 G utgjør pr. i dag kr. 102 720. Kravet til samtykke gjelder ikke dersom saken gjelder ikke-økonomiske interesser. Ved vurderingen av hvilket krav til ankesum som bør oppstilles, legger utvalget stor vekt på hensynet til proporsjonalitet. Overprøving vil i mange tilfeller føre til merutgifter som ikke står i forhold til den betydning saken har, og en ankesum på kr. 20 000 er etter utvalgets syn urealistisk lav. Twistemålsutvalget uttaler (NOU 2001:32 side 776):

«Kr 20 000 er selvfølgelig et beløp av betydning for svært mange. Men ikke minst for dem kr 20 000 betyr mye for, vil også prosessutgiftene være av stor viktighet. I saker med langt høyere verdi enn kr 20 000, vil det være realistisk å regne med at prosessutgiftene bare for den ene part vil overstige verdien av det tvisten gjelder. Ved vurderingen av hvilket krav til ankesum som bør oppstilles, kommer også hensynet til fornuftig bruk av domstolsressursene inn med stor tyngde. Domstolsbehandling er ikke bare dyrt for partene, men også for samfunnet. Det må være et rimelig forhold mellom de ressurser partene og samfunnet bruker og betydningen av de tvistene ressursene brukes på. Utvalget finner ut fra dette det klart at det må stilles et krav om ankesum for rett til anke til lagmannsrett, og at dette kravet må være betydelig høyere enn de kr 20 000 som følger av dagens regler.

Det er, som allerede påpekt, viktig at verdigransen for krav til samtykke ses i forhold til det som kan betraktes som normalkostnad ved ankebehandling. Det må være riktig, samfunnsmessig sett, å se hen til prosessutgiftene for begge parter samlet. Etter utvalgets mening bør

verdigrensen for krav til samtykke ikke settes under kr 100 000. Settes den lavere, må man regne med som en normalsituasjon at ressursbruken ved en ankesak nærmer seg eller overstiger partenes økonomiske interesse i anken.»»

I høringsbrevet la departementet fram desse vurderingane:

«Beløpsgrensene på henholdsvis kr. 20 000 og 100 000 har stått uendret siden 1. januar 1991. Konsumprisindeksen har steget ca. 25 prosent fra 1991 til 2001. I tillegg til en oppjustering av beløpene som følge av at pengeverdien er redusert, må det vurderes om det bør foretas en reell heving av ankesummene.

Omkostningene i form av advokatsalærer m.v. ved overprøving gjør allerede at mange saker med forholdsvis liten økonomisk interesse ikke blir anket. Mange parter har imidlertid rettshjelpsforsikring, slik at ankesaker ikke sjeldent føres på forsikringsselskapers regning. I en del saker overstiger prosessutgiftene i praksis verdien av tvistegjenstanden. Det vises for øvrig til Twistemålsutvalgets vurderinger, se avsnitt 2.2 ovenfor.

Ankesummene kan enten knyttes til folketrygdens grunnbeløp (G) eller til et konkret angitt beløp. Eventuelle endringer i ankesummen lar seg enklast tilpasses bestemmelsene i twistemålsloven av 1915 dersom grensene knyttes til konkret beløp. En konkret angitt beløpsgrense er antakelig også enklast for domstolene å praktisere. Det bes om høringsinstansenes syn på om ankesummen bør angis som et konkret beløp eller knyttes til folketrygdens grunnbeløp.

En beløpsgrense på kr. 100 000 for anke til lagmannsretten vil samsvarer godt med grensen på 2 G som er foreslått av Twistemålsutvalget. Dersom ankesummen for lagmannsretten heves til kr. 100 000, er det naturlig at grensen for anke til Høyesterett økes til kr. 250 000, slik at forholdet mellom ankesummene opprettholdes. Departementet ber om høringsinstansenes syn på om ankesummen bør heves til kr. 100 000 og kr. 250 000 for anke til henholdsvis lagmannsretten og Høyesterett.

En heving av ankesummen til kr. 100 000 for anke til lagmannsretten vil i følge statistisk materiale som departementet har innhentet fra lagmannsrettene, innebære en merkbar avlastning i saksmengden. Dersom ankesummen settes lavere, vil en endring neppe ha noen vesentlig effekt for lagmannsrettene arbeidsbyrde. Hvor stor den reelle avlastningen vil bli, er imidlertid vanskelig å fastslå nøyaktig. Det avhenger blant annet av i hvilken utstrekning det gis samtykke til anke i saker som ikke oppfyller kravet til an-

kesum. En nedgang i lagmannsrettene saks mengde vil kunne innebære kortere saksbehandlingstid og være til fordel publikum.»

I høringsbrevet bad departementet også om synspunkt frå høringsinstansane på om ein burde endre reglane om samtykke til å fremje ankar under beløpsgrensa i twistemålslova § 359. Synspunktet var at om ein skulle heve beløpsgrensa til så mykje som kr. 100 000, burde lagmannsretten samtykkje i å fremje ankar under beløpsgrensa i fleire tilfelle enn i dag.

5 Synspunkta frå høringsinstansane

5.1 Anke til lagmannsretten

Seks av høringsinstansane (*Handels- og Servicenæringens Hovedorganisasjon, Den Norske Advokatforening, Hålogaland lagmannsrett, Agder lagmannsrett, LO og Tønsberg tingrett*) meiner primaert at ein bør vurdere framlegget om å heve ankesummen som ein del av den føreståande sivilprosessreforma med bakgrunn i Twistemålsutvalet si utgrieing.

Berre tre høringsinstansar (*Forbrukarrådet, Forbrukarombodet og LO*) uttaler at dei er negative til sjølv framlegget om å heve ankesummen noko, samanlikna med den gjeldande grensa. Forbrukarrådet uttaler til dømes:

«Forbrukerrådet har forståelse for at det foreligger et behov om å heve ankesummen for anke til lagmannsretten. Forbrukerrådet mener imidlertid at en grense på 100 000,- kroner er alt for høy. Riktignok kan prosesskostnadene i mange tilfeller samlet sett komme opp i et slikt beløp, men dette kan etter Forbrukerrådets mening ikke være avgjørende for hvor grensen settes.»

Eit fleirtal blant høringsinstansane (*Gulating lagmannsrett, Den Norske Dommerforening, Romsdal tingrett, Næringslivets Hovedorganisasjon, Frosstating lagmannsrett, Borgarting lagmannsrett, Dommerforeningens utvalg for sivilprosess, Den Norske Advokatforening, Finansnæringerens Hovedorganisasjon, Høgsterett, Tønsberg tingrett og Solør tingrett*) er positive til å heve ankesummen for anke til lagmannsretten, sjølv om somme av dei meiner ein bør vente til den samla oppfølginga av utgrieinga om ny twistemål. Når det gjeld kor mykje ein bør heve ankesummen, er høringsinstansane ikkje samde.

Høgsterett, Solør tingrett, Finansnæringerens Hovedorganisasjon og Den Norske Dommerforening

støttar uttrykkeleg framlegget om å heve ankesummen til kr. 100 000. *Borgarting lagmannsrett* meiner ankesummen bør vere 2 G. *Gulathing lagmannsrett* skriv at om lagmannsrettane samstundes som at ankesummen blir heva, får høve til å sile ankar som klart ikkje vil føre fram, bør ankesummen vere kr. 50 000. Dersom det (førebels) ikkje blir gjort framlegg om siling, meiner *Gulathing lagmannsrett* at ankesummen bør vere kr. 100 000.

Om lag halvparten av høringsinstansane meiner at ei grense på kr. 100 000 er for høg. *Frostating lagmannsrett* synest kr. 75 000 er ei passande grense. *Næringslivets Hovedorganisasjon* og *Oslo tingrett* meiner ein bør heve grensa til kr. 50 000. *Tønsberg tingrett*, *Den Norske Advokatforening*, *Agder lagmannsrett* og *Hålogaland lagmannsrett*, som alle primært meiner at ein bør vente med å følgje opp framlegget til oppfølginga av resten av utgreiinga om ny tvistelov, meiner subsidiært at om ein skal heve ankesummen no, bør han vere kr. 50 000. *Agder lagmannsrett* uttaler til dømes:

«Vi er uten videre enige i at någjeldende verdigrenser for anke til lagmannsrett og Høyesterett bør heves. Vi er imidlertid av den oppfatning at en hevning av ankesummen til kr. 100 000 for anke til lagmannsrett er for drastisk. Hvis det skal foretas en hevning av ankesummen nå, mener vi at verdigrensen for anke til lagmannsrett bør settes til kr. 50 000, slik førtelagmennene også gikk inn for i en rådgivende uttalelse til *Tvistemålsutvalget* av 15. mars 2001. Så får det bli et tema ved den senere behandling av NOU 2001:32 om det da – når spørsmålet om ankesum vurderes i sammenheng med andre endringer – anses riktig å forhøye beløpsgrensen ytterligere til for eksempel kr. 100 000.»

I høringsbrevet bad departementet også om synspunkt frå høringsinstansane på om ein bør knyte ankesummen til grunnbeløpet (G) i folketrygda eller til eit konkret beløp.

Få av høringsinstansane har uttalt seg om dette. Dei fleste ser ut til å gå ut frå at ankesummen framleis skal vere eit konkret beløp. *Frostating lagmannsrett* uttaler at ankesummen bør vere eit konkret kronebeløp, som i dag. *Agder lagmannsrett* og *Hålogaland lagmannsrett* skriv at dei ikkje har sterke synspunkt når det gjeld dette spørsmålet. *Den Norske Advokatforening* og *Borgarting lagmannsrett* meiner ein bør knyte ankesummen til grunnbeløpet i folketrygda. *Drammen tingrett* meiner ein bør knyte ankesummen til rettsgebyret, slik at ankesummen blir bestemt av rettsgebyret for det året ankefristen tar til å løpe.

5.2 Anke til Högsterett

Når det gjeld heving av ankesummen for anke til Högsterett, er desse instansane positive til forslaget: *Næringslivets Hovedorganisasjon*, *Agder lagmannsrett*, *Hålogaland lagmannsrett*, *Frostating lagmannsrett*, *Finansnæringens Hovedorganisasjon*, *Tønsberg tingrett* og *Solør tingrett*. *Romsdal tingrett*, *Regjeringsadvokaten*, *Barne- og familieldepartementet* og *Drammen tingrett* har ingen merknader til forslaget, medan *Gulathing lagmannsrett*, *Forbrukarombodet*, og *Borgarting lagmannsrett* har ikkje sagt noko om dette. *Dommerforeningens utvalg for sivilprosess*, *Forbrukarrådet*, *LO*, *Den Norske Advokatforening* og *Högsterett* er negative til å heve ankesummen til Högsterett. Fleire av høringsinstansane (*Högsterett*, *Advokatforeningen*, *Dommerforeningen* og *Forbrukarrådet*) påpeiker at det ikkje er nødvendig å endre beløpsgrensa. Högsterett sjølv uttaler:

«Derimot mener Høyesterett at det ikke er riktig å heve ankesumsgrensen for anker til Høyesterett. Konkrete saker om mindre formuesverdier vil stoppe i lagmannsrettene etter den ankesumsregel som er foreslått for anker fra tingrettene. Spørsmålet om anker til Høyesterett skal fremmes, bør ellers avgjøres etter den prinsipielle betydning saken har, og ikke etter det kronebeløp den gjelder. Konkrete saker som det ikke er grunn til at Høyesterett skal se på, vil kunne nektes fremmet etter tvistemålsloven § 373 tredje ledd, se særlig bestemmelsens nr. 4.»

6 Vurderingar frå departementet

6.1 Anke til lagmannsretten

Høringa har vist at om lag ein tredel av høringsinstansane meiner ein bør vurdere framlegget om å endre ankesummen saman med resten av utgreiinga om ny tvistelov. Samstundes er fleirtalet av høringsinstansane positive til å heve ankesummen samanlikna med i dag.

Departementet står fast i synet på at det bør vere eit rimeleg forhold mellom dei ressursane partane og samfunnet bruker på tvisten, og den økonomiske verdien av dei tvistane ressursane blir brukt på. Dessutan bør ein ta omsyn til den generelle prisauken, som er om lag 25 % sidan 1991, då ein sist heva ankesummen.

Om ein hevar ankesummen, vil det føre til ei viss avlastning for lagmannsrettane (sjå nærmare om dette i kapittel 7). Det vil innebere kortare saksbehandlingstid, noko som er til fordel for publikum.

Omsynet både til proporsjonalitet, til å redusere arbeidsbyrda til lagmannsrettane og til prisauken taler derfor for at ein bør heve ankesummen. Etter departementet si oppfatning er det formålstenleg å heve beløpsgrensa no, før behandlinga av dei andre framlegga i utgreiinga om ny tvistelov.

Når det gjeld spørsmålet om kor mykje ein bør heve ankesummen, har høringa vist at om lag halvparten av høringsinstansane meiner det er for drastisk å endre ankesummen for anke til lagmannsretten frå kr. 20 000 til kr. 100 000. Fleire høringsinstansar gjer framlegg om at grensa skal vere kr. 50 000. Departementet ser argumenta mot å femdoble ankesumgrensa. Departementet foreslår derfor at ein hevar beløpsgrensa til kr. 50 000 i første omgang. Om resultatet av vurderinga kan bli eit anna når ein vurderer heile utgreiinga om ny tvistelov, er eit ope spørsmål.

Etter departementet si oppfatning kan ein enklast tilpasse endringa til dei gjeldande reglane i tvistemålslova om ankesummen framleis er eit konkret kronebeløp. Departementet vil vurdere på ny om ein bør knyte ankesummen til grunnbeløpet i folketrygda når ein får ei heilt ny tvistelov, på bakgrunn av høringsfråsegna til utgreiinga frå Twistemålsutvalet.

Dersom ein hevar ankesumgrensa frå kr. 20 000 til kr. 50 000, meiner departementet at det ikkje er nødvendig å endre reglane om samtykke til å fremje ankar under beløpsgrensa, jf. tvistemålslova § 359. Reglane inneheld skjønnsmessige kriterium for om retten skal samtykke til å fremje ein anke i enkelte tilfelle. Departementet meiner at dei gjeldande reglane er tilstrekkeleg fleksible til å fange opp dei tilfella der overprøving er særskilt nødvendig i praksis.

6.2 Anke til Högsterett

Når det gjeld ankesummen for anke til Högsterett, sluttar departementet seg til dei synspunkta som fleire av høringsinstansane, mellom anna Högsterett sjølv (sjå kapittel 5.2), kom med i høringa. Etter departementet si oppfatning er det likevel ikkje nødvendig å heve beløpsgrensa for anke til Högsterett. Det høvet Högsterett har etter tvistemålslova § 373 tredje ledd nr. 4 til å nekte anken fremja der-

som verken den betydning avgjørda har utanfor den konkrete saka eller andre forhold gir grunn til at anken blir prøvd av Högsterett, inneber ei tilstrekkeleg avgrensing. Når beløpsgrensa for anke til lagmannsretten blir heva til kr. 50 000, vil dessutan fleire saker om mindre økonomiske verdiar stanse i lagmannsrettane. Departementet gjer derfor ikkje framlegg om endringar i beløpsgrensa for anke til Högsterett.

7 Økonomiske og administrative konsekvensar

Ifølgje talmateriale som departementet har henta inn frå lagmannsrettane, vil ei heving av ankesummen til kr. 50 000 redusere talet på sivile saker der ein kan identifisere ankesummen med om lag 7,3 %. Reduksjonen i den totale mengda saker for lagmannsrettane vil bli ein lågare prosentdel, fordi straffesaker og sivile saker med ideell eller ikkje-økonomisk verdi utgjer ein betydeleg del av ankesakene.

Departementet understrekar at tala ikkje er absolutte eller sikre. Ein må sjå tala som overslag, ikkje som statistiske fakta.

For partar i sivile saker som handlar om formuesverdiar, inneber endringa ei tilsvarande avgrensing i høvet til å få overprøvd saker med ankesum under kr. 50 000.

8 Merknad til endringa i tvistemålslova § 356

I første punktum blir kravet til ankesum for anke til lagmannsretten endra frå «20 000» kroner til «50 000» kroner.

Justis- og politidepartementet

til rår:

At Dykkar Majestet godkjener og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om endringar i lov 13. august 1915 nr. 6 om rettergangsmåten for tvistemål (ankesum).

Om lov om endringar i lov 13. august 1915 nr. 6 om rettergangsmåten for tvistemål (ankesum)

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i lov 13. august 1915 nr. 6 om rettergangsmåten for tvistemål (ankesum) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om endringar i lov 13. august 1915 nr. 6 om rettergangsmåten for tvistemål (ankesum)

I

I lov 13. august 1915 nr. 6 om rettergangsmåten for tvistemål skal § 356 lyde:

Anke til lagmannsrett kan ikke fremmes uten samtykke av lagmannsretten når anken gjelder en formuesverdi under *50.000* kroner. § 166 kommer ikke til anvendelse.

II

1. Lova her gjeld frå det tidspunkt Kongen bestemmer.
 2. Endringar i lov 13. august 1915 nr. 6 om rettergangsmåten for tvistemål gjeld for anke over dommar og orskurd som er avsagde etter ikraftsetjingstidspunktet.
-